



Aukra kommune

Retningslinjer for stimuleringsfond for landbruket i Aukra kommune

Vedteke i kommunestyre 20.03.2025

PS 20/25



1. Bakgrunn for ordninga

Stimuleringsfondet vidarefører og erstattar tidlegare tilskotsordning som vart oppretta som eit resultat av vedtatt kommunedelplan for energi, miljø og klima 2010 og vert vidareført gjennom ny klima- og miljøplan.

Kommunestyret vedtok følgjande i samband med budsjett 2025 og økonomiplan:

Stimuleringsfond for landbruk

- Fond for tilrettelegging av næringssetting fram mot 2030» vert fordelt med eigen avsetting til landbruk. Av midlar på fondet pr. 01.01.2025 på kr 28.085 000, vert kr 2 mill av fondet overført til «Stimuleringsfond for landbruk»
- For seinare år skal 10% av dei årlege avsetningane til «Fond for tilrettelegging av næringssetting fram mot 2030» fordelast til «Stimuleringsfond for landbruk».
- Retningslinjer for bruk av «Stimuleringsfond for landbruk» skal bli rullert og lagt fram for politisk handsaming i løpet av 2025.

Inndekning: Fond for tilrettelegging av næringssetting fram mot 2030

- 2025: 2.000.000
- 2026-2028: 10% av årlege avsetning til «Fond for tilrettelegging av næringssetting fram mot 2030».

Landbruksnæringa er sårbar i kommunen då det er få aktive bruk att, fleire bruk står framfor større investeringar og det er lett å heller leggja ned drifta enn å investere vidare. Eit slikt stimuleringsstilskot skal motivere til vidare arbeid, primært for dei aktive brukarane, då denne næringa representerer ei samfunnsbygging ein treng vidare i Aukra.

Tiltak som legg til rette for betre klima og eit meir miljøvenleg landbruk skal prioriterast ved tildeling av tilskot. Landbruket står framfor store klimautfordringar, og det er stilt store klimakrav dei næraste åra. Landbruksnæringa må førebu seg på dei klimaendringane som kjem, men kan også med konkrete tiltak bidra til reduksjon av klimagassutslepp og støtte opp under ein berekraftig forvaltning av naturen og kulturlandskapet. Stimuleringsstilskotet skal støtte opp under slike tiltak.

Vilkår for å søkje om stønad til tiltak er at det er aktiv drift på landbrukseigedomen, at søker har rett på produksjonstilskot i jordbruket, og er mva-registrert. Det vert ikkje gjeve tilskot til tiltak som er starta opp.

Dersom omsøkt tiltak krev løyve/godkjenning frå offentleg myndigheit, er søker sjølv ansvarleg for å ordna dette. Døme på slikt løyve er byggjeløyve, godkjenning av plan for nydyrking, godkjenning av landbruksveg osv.

Det er oppretta eigen fondskonto for denne ordninga.

2. Kva kan det søkast om tilskot på

Det kan søkast om tilskot til:

- Oppgradering/nybygg av driftsbygning. Forutset at prosjektet innfrir grunnlag for støtte frå Innovasjon Norge.
- Tiltak for reinsking eller senking av kanalar (opne grøfter)
- Vedlikehaldsgrøfting
- Skjøtsel av leplantefelt – spesielt knytt til dyrkamark
- Nydyrking
- Gjødsellager
- Eventuelle andre tiltak

Kor mykje tilskot kan ein vente å få?

Tilskotet kan dekke inntil 50 % av omkostningane. Dersom det er mange søkarar, kan bidraget bli lågare. Tilskot kan givast som supplement til andre tilskot (t.d. BU-midlar eller SMIL-midlar).

Samla tilskot kan då ikkje overstige 50 % av godkjent kostnadsoverslag. Der det finst andre tilskotsordningar for eit tiltak, må det fortrinnsvis søkast på andre tilskotsordningar først.

Det blir sett ei nedre kostnadsgrense på kr 10 000 for å kunne få tilskot.

Dei omsøkte tiltaka må ikkje vere i strid med gjeldande lover og regelverk. Brot på desse vil automatisk gjere søknaden ugyldig.

Kva kan det ikkje søkast om tilskot til

Det vert ikkje gitt stønad til mellom anna følgjande:

- Tiltak/prosjekt som er starta
- Ordinær drift
- Sanering av gjeld
- Garanti for lån
- Kjøp av eigedom

3. Søknadsrutine

Ein legg opp til ein årleg søknadsrunde der denne vert annonsert med søknadsfrist. Dersom det er att midlar etter tildelinga, kan restbeløpet tildelast nye prosjekt som kjem seinare i løpet av året forutsett at prosjektet elles er i tråd med tildelingskriteria. Alternativt går restbeløpet inn i fondet for tildeling i seinare år.

Det må ligge til grunn konkrete tekniske planer med kostnadsoverslag. Planen må vere utarbeidd av kommunen sin fagetat eller annan fagetat som har kompetanse på fagområdet og vere godkjent av kommunen. Det kan setjast vilkår for tilskotet.

Søknaden skal innehalde:

- Omfang og føremål med tiltaket
- Fullstendig kostnadsoverslag over materialar og arbeidskostnadar
- Oversikt over korleis tiltaket skal finansierast
- Tekniske planar, utarbeidd av kommunen eller annan fagetat med kompetanse
- Skriftlege avtalar med grunneigarar dersom tiltaket er fellestiltak eller der du ikkje sjølv er eigar av eigedomen der tiltaket skal utførast
- Opplysningar om det er søkt finansiering gjennom andre ordningar

Ein må ha tilsegn om tilskot før tiltaket kan setjast i verk. Dersom ein søker i ettertid, kan ein ikkje forvente tilskot.

Utbetaling av tilskot

Utbetaling av tilskotet må skje innan 2 år etter at tilsegn er gitt. Utbetaling skjer på bakgrunn av dokumentasjon av utført arbeid med naudsynte økonomiske bilag. Tilskotet kan delutbetalast i tråd med framdrift av prosjektet. Minste beløp for utbetaling er kr 5 000 og minimum 25 % må stå att til prosjektet er fullført og ferdiggodkjent. Kommunedirektøren får mynde til tildeling av midlane. Vedtak om dette er å forstå som einskildvedtak i høve forvaltingslova. Eventuell klage på tildelinga følgjer reglane for klagehandsaming i forvaltingslova og klageinstans er formannskapet.